



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
28.04.2016

Vår referanse
2016/5017 620

Lindås kommune
postmottak@lindas.kommune.no

Statleg tilskot for 2016 til oppretting av ei mellombels stilling i barneverntenesta

Fylkesmannen viser til telefonsamtale 27. april 2016 med leiar Kari M. Fanebust ved Lindås barnevernteneste.

Sidan 2011 har staten gitt øyremerka løyvingar til styrking av den kommunale barneverntenesta. Løyvinga kan brukast til å finansiere faste eller mellombels stillingar i barnevernet. Lindås kommune vart i 2013 styrka med statlege midlar til oppretting av ei permanent stilling i barnevernstenesta. Det statlege tilskotet til denne stillinga er vidareført i åra etter.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har for 2016 løyvd 665 000 kroner over statsbudsjettet kapittel 854 post 60 til ei mellombels stilling i barnevernet i Hordaland. Departementet skriv:

«Fylkesmennene må etter egen vurdering fordele midlene til kommuner med størst behov knyttet til sin bemannings- og kompetansesituasjon.»

Fylkesmannen i Hordaland har valt å tilby Lindås kommune midlar til ei mellombels stilling i det kommunale barnevernet. Vi er kjent med at barnevernet i kommunen er under omstilling, og at Lindås kommune mellom anna har tatt initiativ overfor to av nabokommunane med sikte på å få oppretta eit interkommunalt barnevern. Fylkesmannen ser positivt på det omstillingsarbeidet som Lindås kommune har starta, ikkje minst initiativet overfor nabokommunane. Vi legg til grunn at eit slik omstillingsarbeid krev ressursinnsats også frå dei som arbeider i barnevernet.

På denne bakgrunn tilbyr vi Lindås kommune 665 000 kroner til ei mellombels stilling i det kommunale barnevernet.

Dersom Lindås kommune takkar ja, ber vi om at kommunen signere den vedlagde stadfestinga på at kommunen vil opprette ei mellombels stilling i barneverntenesta. Tilskotet vil bli utbetalt når Fylkesmannen har mottatt vedlagd stadfesting i underskriven stand, og når vi har mottatt rekneskap og revisorattestasjon på at fjorårets løyving er nytta i samsvar med føresetnadene.

Tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter, som inkluderer arbeidsgjevaravgift samt pensjonsdel, feriepengar og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje telefonutgifter, kontorutgifter, reiseutgifter eller godtgjering for bruk av eigen bil. Kommunen må sjølv dekke stillinga utgifter utover løn og lønsrelaterte utgifter.

Tilskotet vert utbetalt i 2016 og kan nyttast i løpet av dette og neste år. Tilskotsmidlar som ikkje vert brukt innan utgangen av 2017 skal tilbakeførast til statskassa.

Det er ein føresetnad at Lindås kommune ikkje reduserer dei andre stillingane i det kommunale barnevernet i 2016 eller nyttar stillinga som vert oppretta med statleg tilskot til å erstatte eksisterande stillingar i barnevernet. Den mellombels stillinga kan vere ei prosjektstilling for om lag eitt år, men kommunen kan også nytte løyvinga til å dekke vikarutgifter dersom ein av dei tilsette i barnevernet vert frigitt for å arbeide med barnevernfaglege utviklingsoppgåver.

Lindås kommune må sende revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotsmidlane til Fylkesmannen innan 31. mars det påfølgjande år. For tilskot på mindre enn 100 000 kroner er det til vanleg ikkje krav om revisoruttale. Kopi av dette brevet skal leggast fram for revisor saman med rekneskapet. Dersom rekneskap som er revidert av revisor ikkje vert levert, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt.

Fylkesmannen har fått i oppgåve å kontrollere at tilskotet vert brukt i tråd med føresetnadene. Rekneskapet må difor setjast opp på ein slik måte at det kan haldast saman med reglane for tilskotsordninga. Lindås kommune avgjer om kommunen skal sende eigen rekneskap for denne mellombels stillinga, eller om kommunen skal føre rekneskapet for denne stillinga i lag med den stillinga som allereie er oppretta ved hjelp av statleg tilskot.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har rett til å kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadene, sjå statens løyvingsreglement § 10 andre ledd. Dersom pengane ikkje vert nytta etter føresetnadene, skal dei tilbakebetalast til statskassa.

Vi ber om at referansenummeret vårt, 2016/5017, vert påført framtidig korrespondanse som gjeld tilskotet for 2016.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Øystein B. Jacobsen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.

Stadfestinga skal snarast sendast i retur til:

Fylkesmannen i Hordaland
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Eventuelt per brevpost til:
Postboks 7310
5020 Bergen

Fylkesmannens referanse: 2016/5017

STADFESTING

Organisasjonsnummer:

.....

Kontonummer:

.....

Namn, postadresse og telefonnummer ansvarleg leiar for barneverntenesta, eventuelt økonomiansvarleg:

Lindås kommune stadfestar med dette at kommunen tek mot statleg tilskot på 665 000 kroner til ei mellombels stilling i det kommunale barnevernet, på dei vilkår som kjem fram i Fylkesmannens brev av 28. april 2016. Det er ein føresetnad at Lindås kommune ikkje reduserer dei stillingane som allereie er budsjettert i barnevernet.

.....
stad

.....
dato

.....
ansvarshavande leiar

Stadfestinga skal underteiknast av rådmannen eller den som rådmannen har delegert mynde til.